



## Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 06.03.2019

---

**Sak nr.:** 18/2394-15

**Internt l.nr.:** 11182/19

**Sak:** 10/19

**Tittel:** Eigarstyring - Trivselshagen IKS

**Behandling:**

**Frå fylkesrådmannen låg det føre slik tilråding til vedtak:**

1. Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1. desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.
2. Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettviss måte i samsvar med intensjonen.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen, i budsjett rapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.

-----//-----

Fylkesutvalet fann Sigurd Erlend Reksnes inhabil til å delta ved handsaminga av saka, jf. forvaltningslova § 6 første ledd, bokstav e), nr. 2.

**Endringsframlegg:**

**Fylkesutvalet** sette fram slikt framlegg som tillegg til punkt 2 i fylkesrådmannen si tilråding: Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.

**Avrøysting:**

Fylkesrådmannen si tilråding, med tillegg frå fylkesutvalet i punkt 2, vart samrøystes vedteke.

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

1. Fylkesutvalet viser til vedlagde rapport av 1. desember 2018 frå Vidsyn Rådgivning AS og tek denne til orientering.
2. Fylkesutvalet føreset at systemavvik vert retta opp og tilrådde tiltak i rapporten sett i verk, herunder at selskapet får på plass eit system som fordelar inntekter og utgifter på ein rettviss måte i samsvar med intensjonen. Styret får frist for å gjennomføre tiltaka i rapporten til 15. august 2019.
3. Fylkesutvalet ber fylkesrådmannen greie ut alternative organisasjonsmodellar, primært knytt til å dele eigarskapen og inngå gjensidige leigeavtalar med kvarandre. Fylkesutvalet ber

fylkesrådmannen, i budsjetterrapporten pr. 1. tertial 2019, kome med framlegg til finansiering av utgreiingsarbeidet - dersom dette viser seg naudsynt.